

Sensorvegleiing STV1501 H-2023

Begge oppgåvesett er relativt krevjande i den forstand at dei krev god oversikt på tvers av pensum. For å få god karakter skal studenten svare på (alle delar av) oppgåva. Poenget med eksamen er ikkje å skrive alt ein kan; det skal vera relevant. Gode grunngjevingar og drøfting trekker opp. Utanomsnakk kan i verste fall trekke ned, særleg viss det fører til at ein ikkje rekk å svare på alt. Oppgåvene i kvart sett tel i utgangspunktet likt, men sensor skal likevel gjera ei heilskapsvurdering. (Eit tips til framtidige studentar er å lesa oppgåveteksten nøyne).

Oppgåve 1.

a) *Gjer greie for Europaparlamentets rolle i samband med utnemning av ein ny kommisjon. Korleis var denne prosessen i 2019 samanlikna med i 2014?*

Oppgåva krev kjennskap til to av dei viktigaste institusjonane i EU og forholdet mellom dei. Det er ein sentral del av kurset, så alle bør få til noko her.

Enkelte vil kanskje innleiingsvis gjera greie for samansetjinga av kommisjonen og Europaparlamentet. Det er greitt så lenge dei også svarer på oppgåva.

Nokre element som bør vera med i denne delen av oppgåva er:

- Europaparlamentets formelle rolle, og helst også oversikt over utnemningsprosessen som heilskap
- endringar i Europaparlamentets makt over utnemning av kommisjonen over tid
- korleis Europaparlamentet har brukt (og ikkje brukta) makta si over tid
- i samband med samanlikninga av 2014 og 2019 er dette med Spitzenkandidaten eit hovudpoeng. Kandidatar som får A og B skal ha med poenget om Spitzenkandidatar.

b) *Gjer greie for EUs utvidingsbølgjer, med hovudvekt på den fjerde og den nåverande utvidingsbølgja. Drøft om EU-medlemskap for Ukraina er sannsynleg i nær framtid, og kvifor (ikkje).*

Oppgåva krev at studentane har forstått kva ei utvidingsbølgje er. Både pensum og forelesingar konsentrerer seg om den fjerde bølgja (big bang) og den pågående bølgja (med fokus på Vest-Balkan og Tyrkia). Ukraina er ikkje dekt i pensum, men er nemnt på forelesing.

I første del må studentane som eit minimum greie å liste opp kva for land som høyrer til i kvar av utvidingsbølgjene og når landa vart medlemmar. Gode studentar greier også å seia noko om kva som skil dei ulike bølgjene frå kvarandre. (Jano reknar Kroatia til den femte bølgja).

For å svare godt på andre del av oppgåva vil det vera nødvendig å seia noko om prosessen fram til medlemskap og om medlemskapskriterium. Det kan ikkje forventast mange detaljar om Ukraina i og med at det ikkje er dekt i pensum, men det er heller ikkje nødvendig for å drøfte tidsaspektet. Eit sentralt poeng i litteraturen om den pågående bølgja er nettopp at det har gått veldig sakte. Artikkelpensum bør derfor kunne ha overføringsverdi. Ein mogleg innfallsvinkel er å ta utgangspunkt i forklaringane på at det har gått sakte med Vest-Balkan og Tyrkia og drøfte i kva grad det same vil gjelde Ukraina.

Ein annan innfallsvinkel kan vera å ta utgangspunkt i «big bang», og sjå på kva for endringar som vil vera nødvendig i EU og i Ukraina for at medlemskap er aktuelt – og reflektere rundt kor lang tid det vil ta. Veldig gode studentar vil kanskje trekke inn differensiert integrasjon, eller bruke Schimmelfennigs teoretiske rammeverk som utgangspunkt for drøftinga.

Det er ingen fasit her, og kandidatar som reflekterer godt bør premierast. For å få A eller B bør resonnementa i del 2 av oppgåva forankrast tydeleg i pensumlitteraturen.

c) Gjer greie for dei viktigaste endringane i EUs landbrukspolitikk frå 1990 fram til i dag. Drøft deretter drivkreftene bak desse endringane.

Den felles landbrukspolitikken (CAP) er blant politikkområda som er nemnt i Romatraktaten, og utgjorde lenge hovudtyngda av EU-budsjettet. Oppgåva krev at studentane har oversikt over hovudtrekka i CAP, korleis denne har endra seg over tid og kvifor.

Første del av oppgåva krev at studentane har oversikt over CAP før 1990 så vel som dei viktigaste reformene i EUs felles landbrukspolitikk etter 1990. Hovudprinsippa frå 1962 bør vera med; det same gjeld måla for landbrukspolitikken. Endringane gjeld særleg verkemiddelbruk. Reformer etter 1990 som er nemnt i litteraturen er

- MacSharry, 1992 og Agenda 2000
- Cioloş, 2013
- siste CAP-reform, knytt til European Green Deal: vedtatt i 2021, implementert 2023.

Det viktigaste er at studentane har fått med seg retninga på endringane i verkemiddelbruk. Gode studentar får fram kva som var problematisk med verkemiddelbruken før 1990. Det er ikkje noko krav for å få god karakter at dei rette namna + datering av desse reformene er med, men det er eit pluss. Drivkrefter for reformene på 1990- og 2000-talet: her ser vi etter både eksterne (WTO) og interne drivkrefter (kostnader, utviding, European Green Deal).

d) Gjer kort greie for kva EUs demokratiske underskot går ut på, og drøft om EU i dag bidrar mest til å svekke eller styrke demokratiet.

Det demokratiske underskotet handlar om kor demokratisk beslutningsprosessen i EU er, og kva som kan gjerast for å minske det påståtte underskotet på EU-nivå. Men i seinare år har det vore større interesse knytt til kva EU kan gjera for å hindre medlemsland i å bli mindre demokratiske (såkalla democratic backsliding). Dette handlar særleg om Ungarn etter 2010 og Polen etter 2015. Men slik oppgåva er formulert, er det heller ikkje urimeleg å drøfte kva EU kan gjera for å hindre demokratiske tilbakeslag i kandidatland.

Første del av oppgåva krev at studentane veit kva debatten om det demokratiske underskotet handlar om. Minst 3 av dei 5 punkta til Føllesdal og Hix (2006) bør nemnast. Drøftingsdelen er både meir open og meir krevjande. På den eine sida kan det argumenterast for at EUs demokratiske underskot er mindre etter Lisboa. På den andre sida kan det argumenterast for at EU framleis har eit demokratisk underskot, samtidig som EU i liten grad har greidd å hindre democratic backsliding i medlemsland. Det er eit pluss om studentane har oversikt over dei viktigaste verkemidla retta mot medlemsland så vel som kandidatland. Det er ingen fasit her, og kandidatar som reflekterer godt bør premierast.

Oppgåve 2.

a) Gjer greie for samansetjinga av ministerrådet og Europaparlamentet. Kva for rolle spelar desse institusjonane under den alminnelege lovgjevingsprosedyren, og korleis har forholdet mellom dei endra seg etter Lisboa-traktaten?

I første del av oppgåva er vi ute etter samansetjinga av dei to lovgjevande organa i EU. Dette er heilt sentralt i kurset, så dette bør alle greie. Her må studentane som eit minimum kunne gjera greie for kven som sit i ministerrådet og Europaparlamentet og korleis dei er utpeikt/valde. Talet på medlemar i ministerrådet og representantar i parlamentet (MEPs) bør vera med (og vera rett), gjerne også organiseringa av begge organ.

Andre del av oppgåva krev at studentane har god oversikt over hovudtrekka i EUs vedtaksprosedyrar, og særleg den alminnelege lovgjevingsprosedyren. Gode studentar kjenner meir detaljert til gangen i vedtaksprosessen, inkludert komitéarbeid, trilogar, lesingar og voteringsreglar. Siste del føreset at studentane også kjenner til dei andre prosedyrane. Eit hovudpoeng er at Europaparlamentet har fått større makt på kostnad av ministerrådet etter Lisboa. Kvifor det er slik bør vera med. Lange utlegningar om det demokratiske underskotet gir ikkje ekstrapoeng, men det er greitt å nemne det så lenge ein også svarer på spørsmålet.

b) Drøft i kva grad val til Europaparlamentet er andrerangsval (second order elections).

Slik denne oppgåva er formulert, handlar den om i kva grad Europaparlementsval er andrerangsval, ikkje kvifor. Studentane bør som eit minimum kunne forklare logikken bak tesen om Europaparlementsval som andrerangsval. For å svare godt på oppgåva er det nødvendig å seia noko om kva som ligg i omgrepene andrerangsval, kva dei opphavlege hypotesane til Reif & Schmitt (1980) gjekk ut på, og i kva grad hypotesane får støtte empirisk, generelt og i 2019-valet spesielt, gjerne også seia noko om variasjon mellom land. Dette er grundig dekt i Hix & Marsh, og i Plescia et al for 2019-valet. Det er eit pluss om studentane kommenterer i kva grad EU-spørsmål spelte ei rolle i valet, og gjerne dette med Spitsenkandidatar, som fleire av pensumbidraga legg vekt på. Det kan ikkje ventast mange detaljar frå artikkelen til Plescia et al, da den kanskje er metodisk litt for avansert på BA-nivå. Men kandidatar som får A og B bør ha lese artikkelpensum, og det bør gå tydeleg fram.

c) Gjer kort greie for kva som er meint med «democratic backsliding», og drøft kva EU kan gjera for å hindre dette.

Dette er ei relativt ny problemstilling i EU-samanheng. Democratic backsliding handlar om demokratiske tilbakeslag i eksisterande demokrati, og er dekt i Sitter og Bakke. Blant medlemslanda i EU har dette i hovudsak vore eit problem i Ungarn (etter 2010) og i Polen (etter 2015). Eit hovudpoeng er at da den demokratiske tilbakegangen starta i Ungarn, hadde EU eit ganske avgrensa sett av verkemiddel, og viljen til å bruke dei var heller ikkje alltid til stades. Det har i praksis vore lettare for EU å stille krav til demokrati og oppnå resultat før eit land blir medlem enn etterpå. Det er eit pluss om studentane har oversikt over dei viktigaste verkemidla og når dei vart innført, men ikkje noko absolutt krav for å få god karakter.

d) Gjer greie for hovudtrekka ved EØS-avtalen. Drøft deretter korleis og i kva grad Noreg kan påverke EUs vedtaksprosessar i EØS- og Schengensaker.

Første del handlar om innhaldet i EØS-avtalen, dvs. oppbygginga av avtalen, og kva for politikkområde som er dekt (og ikkje). Det er ein fordel om studentane viser at dei har forstått vedtaksprosedyrane i EØS, inkludert reservasjonsretten, og korleis EU-rettsakter blir implementert i norsk lov. Schengenavtalen er ein separat avtale med eigne vedtaksprosedyrar, og det bør gå tydeleg fram. Andre del av oppgåva krev at studentane har oversikt over saksgangen i EU, kvar i denne prosessen Noreg har tilgang eller kan påverke EU, og forskjellane mellom EØS og Schengen på dette punktet. Eit hovudpoeng er at Noreg som ikkje-medlem ikkje har tilgang til EUs lovgjevande forsamlingar i EØS-saker, men deltar i Fellesorganet i behandlinga av Schengensaker. Til gjengjeld finst det ingen reservasjonsrett i Schengen. Kandidatar som får A eller B skal svare godt på drøftingsdelen av spørsmålet.